



G 13-gutane fornøgte etter solid siger.

**I dag starta sommarentyret Norway Cup for mange unge fotballspelarar. Frå Rosendal T deltar 5 lag, og det er 9 uskedelinger fordelt på desse laga. Det er og på plass ein god gjeng med heiande supporterar. Dagen starta med solskinn før høljregnet kom utpå ettermiddagen. Det vart tap i dei to første kampane, men så kom sigrane, tre i talet, på rekkje og rad.**

#### **Jenter 15/16:**

Rosendal - Accens FC(Danmark) 0 - 3(0 - 2 ved pause.) Laget gjorde god innsats, men danskane vart for sterke. Dette laget er det einaste Rosendalslaget som deltek i 11`ar-fotball. Dei er og plukka ut til å spele kamp direkte sendt på gratiskanalen TV2 sport i morgon, tirsdag, kl. 15.10. Då møter dei Namsos, og det er god grunn til å ta ei stund i TV-stolen. Maren Huse Bjørnebøle er på dette laget.

#### **Gutar 15/16:**

Her stiller Rosendal med to 7`ar-lag. Kjartan Tungesvik spelar på Rosendal 2 og Hermund Døssland, Marius Myklebust og Hans Fredrik Zimmer spelar på Rosendal 1.

Rosendal 1 - Jardar 4 - 3 (2 - 1).

Rosendal gjekk opp i 3 - 1-leiing tidleg i 2.omgang, og såg ut til å ha full kontroll. I løpet av dei 10 siste minuttane vart det svært spennande. I løpet av 2 minutt scora Jardar 2 mål, og dermed stod det 3 - 3. Minnuttet etter utlikninga scora Rosendal sitt fjerde mål. Dette resultatet stod kampen ut, og dermed vart det ein strålende siger.

Uskedelingen Hermund Døssland scora eitt av måla, medan Sondre Eskeland(2) og Tobias Frieslev laga dei andre.



Taktikkprat i pausen høyrer med. Her frå Rosendal 2, G 15/16

Rosendal 2 - Tornado Måløy FK 0 - 2 (0 - 0).

Rosendalslaget gjorde ein god kamp, og hadde mulighet til å ta leiinga m.a. på eit godt skot av Kjartan Tungesvik i første omgang.

#### **Gutar 13/14:**

Rosendal - Bergsøy Rød 4 - 0 (2 - 0).

På dette laget er det 3 uskedelinger: Sondre S. Myklebust, Karsten André Haugland og Emil B. Berntsen. Dei spela ein god kamp, og etter dei fekk første målet etter 7 minutt var det ikkje tvil om kor sigeren skulle hamna. Uskedelingen Sondre S. Myklebust var svært sentral i kampen med to mål og to målgjevande pasningar.

#### **Jenter 13/14:**

Rosendal - Åmdal/Tokke 2 - 0 (2 - 0)

På dette laget spelar Katrine Saghaug, og dei kom godt i gang og leia 2 - 0 ved pause.

Det vart også sluttresultatet.

Det ligg an til ei flott og spennande turneringsveke på Norway Cup. Yr.no lovar godt turneringsver, og fleire av Rosendalslaga har gode muligheter til å hevda seg bra. Vi kan følgje utviklinga kamp for kamp gjennom gode live-oppdateringar på Rosendal Turnlag si facebook-side.

I tillegg minner vi igjen om jentekampen på TV2 sport i morgon kl.15.10.



Heiagjengen er både viktig og engasjert.

Av: Thor Inge Døsland  
Foto: Rosendal Turnlag